



ULSTEIN NÆRINGSFORUM

Årsrapport 2024

Eit år med vekst, nye møteplassar og kraftfulle løft for næringslivet i Ulstein



Bilete: Cecilie Hatløy

Innleiing: Full fart framover!

2024 har vore eit år der Ulstein Næringsforum verkeleg har fått opp farten. Med to nye prosjektstillingar, ei stadig meir engasjert medlemsmasse og ei rekke små og store initiativ, har året vore prega av gjennomføringsevne og utvikling. Vi har styrkt laget, satsa breiare og opplevd ei auke i både aktivitet og gjennomslagskraft – i næringslivet, i sentrum og i regionen.

Gjennom året har næringsforumet delteke på fleire relevante arenaer. Mellom anna har vi blitt fast deltakar i kommuna sitt månedlege planforum, der vi kan delta direkte i dialog med kommuna om ting som er relevante for næringslivet og sikre tettare samarbeid. Vi har også blitt medlem i Næringsforeningene i Norge, som er paraplyorganisasjonen for landets 175 næringsforeningar med totalt 33.000 medlemsbedrifter i ryggen. Samarbeid opp mot dei i tillegg til andre næringsforeningar i Noreg, har bidratt til å utvikle organisasjonen og auke kompetansen blant dei ansatte.

Med Frida Voldnes som prosjektleiar for *Spring Trainee Søre Sunnmøre* og Rebekka Louise Knotten som sentrumskoordinator, har vi gått frå éin til tre i administrasjonen. Det har gitt oss kraft til å løfte nye satsingar og betre følgje opp eksisterande initiativ – alt med målet om å skape meir verdi for medlemsverksemdene våre.

Det har vore ei stabil leiing dei siste åra med Anna Klara Måseide som dagleg leiar sidan 2022 og Are Garshol som styreleiar sidan 2021. I 2024 kom det inn nye styremedlem: Ingrid Dybhavn frå Pernilles Clinique, Wenche Wangsmo Ertesvåg frå SMN, Frank Gjerde frå Biltema og Stian Skorgen Scheide, ordførar.

Medlem og møteplassar

Gjennom heile året har vi jobba for å møte medlemmane der dei er – og å samle dei der dei ikkje visste at dei burde vere! Vi har halde seks medlemsmøter med handelsstanden, arrangert fleire frukostmøter og lansert det nye konseptet *Back to Work* i august, der over 70 deltakarar fekk fagleg påfyll og sosial oppkøyring til arbeidshausten.

Engasjementet har vore smittande: Vi rundar no 115 medlemsverksemdar – fleire enn nokon gong før! Rekrutteringskampanjar i sosiale medier har gitt resultat, og interessa for å vere del av fellesskapet vårt er tydeleg stigande.

Ship Technology Days

Saman med GCE Blue Maritime løfta vi *Ship Technology Days* til nye høgder. Konferansen, som UNF og GCE Blue Maritime no samarbeidar om, samla rundt 100 deltakarar og store aktørar som Kongsberg Maritime, Hav Group, Ocean Infinity og NTNU. Gjennom tre dagar med fag, forteljingar og bedriftsbesøk, der konferansedeltakarane fekk besøke Entec Evotec, Ulstein og Island Offshore – tre særskilte bedrifter på Søre som representerer leverandørar, skipsbyggjarar og shipping, fekk vi vist fram Ulstein som ein motor i den maritime klynga.

Leiarkonferansen 2024: Frå sandkassa til stjernene

Den største Leiarkonferansen nokon gong samla 150 deltakarar til inspirasjon, refleksjon og latter. Med namn som Thomas Seltzer og Siri Abrahamsen på scena og Sparebanken Møre som hovudsponsor, vart det eit arrangement med stor tyngde og høg puls. Tittelen «Frå sandkassa til stjernene» sette tonen for ei reise gjennom tillitsbasert leing og leiarutvikling med hjartet i sentrum.

Årets konferanse ga oss nære og engasjerte historier, der publikum vart tatt med på ei inspirasjonsreise frå amerikansk politikk og bærekraftig klesproduksjon til satsing på unge og det å bli sett. Den raude tråden ga oss innsyn i kvifor leik er ein viktig komponent for å lykkast, og korleis tillit kan byggast i organisasjonar. Vi vart påminna om at den beste leiartreninga skjer i sandkassa, og at jobben handlar om å *bygge* karakter – ikkje *gi* karakter. Vi hadde med nye sponsorar med på laget. Ein av dei, Tussa, la frukosten sin til hotellet og inviterte inn konferansedeltakarane til eit morgonseminar om IT.

Etter konferanseprogrammet var over tok vi turen over til Møreloungen på Skaparhuset for mat, drikke og mingling. Dette var eit nytt tilbod i fjor, finansiert av Sparebanken Møre, og i år som i fjor vart det ein suksess!

Spring Trainee Søre Sunnmøre – karrieresprang med retning heim

I 2024 gjekk vi frå idé til handling med *Spring Trainee Søre Sunnmøre*.

Midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Sparebanken Møre gjorde det mogleg å starte opp eit treårig program, der namnet symboliserer springbrettet vi ønskjer å skape inn i ei karriere her på Søre Sunnmøre. Vårt hovudfokus for fyrste året var å skape blest omkring traineeprogrammet, rekruttere bedrifter, skape ein identitet, sette saman fagleg innhald til programmet, rekruttere inn trainear til stillingane og generelt klargjere alt for oppstart. Vi fekk også utarbeida logo, heimeside, profilmanual og ein oppstartsplan for sosiale medier i samarbeid med Fantastiske Osberget.

Vidare gjekk vi inn eit samarbeid med rekrutteringsselskapet Yapril. Vi såg at det er ein stor verdi å kunne tilby profesjonell rekruttering gjennom Spring Trainee, og at dette var eit viktig salspunkt for å oppnå tillit både hos bedrifter og trainear. Gjennom vår avtale med dei får vi utlyst våre stillingar på deira heimesider og på Finn.no. Vi får også eit profesjonelt søknadssystem og ikkje minst bistand inn mot førstegangsintervju.

Gjennom det fyrste året har programmet fått grafisk profil, synlegheit, fire traineestillingar og over 100 interesserte kandidatar. Gjennom samarbeid med Fantastiske Osberget og Yapril har vi lagt eit profesjonelt og gjennomarbeidd fundament for rekruttering av unge talent til regionen. Oppstart for trainear skjer i januar 2025 – og vi er klare!



Sentrumsutvikling: Trivselsgata tek form

Med sentrumskoordinator på plass fekk vi verkeleg fart på sentrumsarbeidet.

Målet er å få ein raud tråd i sentrumsutviklinga, gjennomsyra av berekraftig og sirkulær tankegong og implementere nokre av resultatane frå parallelloppdraget. Trivselsgate-prosjektet, som opprinneleg vart påbegynt som eit samarbeid mellom kommunen og næringslivet i 2007, med etablering av Kulturallmenningen og sentrumspassasjen, blei plukka ut som det fyrste store prosjektet innan sentrumsutvikling. Trivselsgata strekk seg mellom rådhuset og Amfi, og skal verte ei trygg, grøn og sosial lunge for mjuke trafikantar gjennom handelsstaden i Ulsteinvik sentrum.

I løpet av fekk vi kr 800 000 i støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune til vidareutvikling av Trivselsgata i samarbeid med Ulstein kommune. Vi brukte resten av året på å samle innspel til prosjektet frå næringsliv, unge og innbyggjarar generelt.



Julstein: Lys, liv og luker

Den levande adventskalenderen *Julstein* gav ny energi til jula i sentrum. Med kulturelle luker, nissebesøk, gratis julekino og glitrande julelys fekk Ulsteinvik ein ekstra varm og vakker førjulstid. Takk til næringslivet og kommunen for å løfte det saman med oss!



Rekruttering: Bli Med Hit og NæSS

UNF har delteke aktivt på *Bli Med Hit* i både Oslo og Trondheim – og saman med ordføraren nådde vi både heimflyttarar, tilflyttarar og studentar.

I 2024 samarbeida NæSS tett om å stå saman på stand, og i den anledning vart det utvikla felles film, brosjyrar og anna reklamemateriell til Bli Med Hit. Det var eit kjekt og nyttig samarbeid, som både resulterte i ei konkret fellessatsing for NæSS og best mogleg synlegheit for Søre på begge messene.



Læring for Næring og berekraftig utvikling

UNF deltok på “Læring for Næring” saman med Ulstein kommune. Samlingane var i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune og KS og var i Molde. Læring for Næring har som hensikt å auke både kunnskapen om- og satsinga på berekraftig næringsliv i kommuna, samt legge til rette for større samarbeid mellom næringsliv og kommuna. Tilsaman ni kommuner deltok, og UNF var eit av få næringsforum som deltok inn i dette arbeidet.

Det har vore fokus på alt fra kommunikasjon og forankring av informasjon til korleis betre samarbeid med næringsliv på områder knytt til planverk. UNF held også foredrag for

deltakarane om korleis tett samarbeid mellom kommune og næringsforum kan bidra til alt frå tverrfagleg samarbeid til raskare forankring av prosjekt hos både kommune og næringsliv. Gjennom deltaking i *Læing for Næring* har vi bidrege til å styrke samspel mellom kommune og næringsliv.

Vi har også produsert og gjennomført «Bærekraftig Bygg», fagsamling for byggnæringa om berekraftige bygg, med rundt 40 deltakarar kvar gong. Målet var å mobilisere næringa, legge til rette for kunnskapsdeling og motivasjon og undersøke interesse for å etablere dette som eit fast forum. Det var deltakarar frå næringsliv, kommunar, bankar og organisasjonar på kvar av samlingane. Fagsamlingane var eit initiativ som held fram i 2025.



Reiseliv og Visit Ulstein

2024 vart året der vi lanserte kalenderfunksjon på *Visit Ulstein* – ein etterlengta ressurs for både innbyggjarar og gjestar. Vi har også styrkt samarbeidet med Destinasjon Ålesund & Sunnmøre og delteke aktivt i det større reiselivslandskapet.



Skaparhuset og nye moglegheiter

Då Skaparhuset trengde ny leiing, steppa UNF inn. Det har gitt oss nye moglegheiter – både i form av møteplassar, prosjekt og samarbeid. Vi ser fram til å vidareutvikle huset som ein viktig arena for innovasjon og nettverk.

På Skaparhuset koordinerte også UNF næringslivsstafetten under årets TV-aksjon som gjekk til Barnekreftforeininga. Og her vart det satt ny innsamlingsrekord blant næringslivet med til saman kr. 175 796! Vi er svært taknemlege for at næringslivet bidreg raust, og ser fram til neste års TV-aksjon.



Oppsummert: 2024 – eit vendepunkt for Ulstein Næringsforum

Vi har:

- Dobla kapasiteten i administrasjonen
- Auka medlemsmassen til 115
- Starta opp eit profesjonelt traineeprogram
- Styrkt sentrum, reiseliv og rekruttering
- Skapt fleire møteplassar enn nokon gong
- Bygd alliansar lokalt, regionalt og nasjonalt

2024 var meir enn eit godt arbeidsår – det var eit gjennombrot.